ALVER
KOMMUNE

Oddvar Urdal
Osterfjordvegen 2520
5994 VIKANES

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Anne Lise Molvik	23.02.2021
Vår: 20/15165 - 21/12321	anne.lise.molvik@alver.kommune.no	

Svar på førespurnad om oversending av vedtak og utsatt klagefrist - gbnr 220/2og 220/9 Store Urdal

Vi viser til førespurnaden din om oversending av saksdokumenta i arkivsak 20/15165, og utsett klagefrist til 15. mars 2021.

Vi er litt usikker på kva saksdokument du referer til, men ser av sakssystemet vårt at du har fått vedtaket om dispensasjon og arealoverføring frå gbnr 220/2 til gbnr 220/9 datert 01.02.2021 oversend på SvarUt og at vedtaket har status lest. Vi ser elles at du har bedt om innsyn i saka og forstår at denne førespurnaden er besvart 12.02.2021. Vi legg til grunn at du er orientert om vedtaket i saka og sender derfor ingen dokument med dette svarbrevet. Dersom du likevel ikkje har gått vedtaket oversend ber vi om at du tar kontakt på ny.

Vi vurderer førespurnaden din som ein førebels klage i saka. Du får utsett frist til å grunngje klagen til 15.03.2021. Dersom vi ikkje mottar grunngitt klage innan fristen vurderer vi klagen som trekt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik	Anne Lise Molvik
Avdelingsleiar	Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oddvar Urdal	Osterfjordvegen 2520	5994	VIKANES

Mottakarar:

Oddvar Urdal	Osterfjordvegen 2520	5994	VIKANES